




Nr 2 - 2024

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen



Verdas beste vaflar!

Oppskrift side 13

Vi tror!
Min sang
side 3

2 går
2 kjem
side 4 - 7

Pilegrims-
vandring
side 8 - 12

Datoar for
hausten
side 14



Vår.
Sommar.

Der er god forventning i Gud si skaparkraft. Gud skapte av ingenting. Han tok «ingenting» - og skapte. Han fekk menneske, dyr, natur, verda, verdsrommet til å begynne å finnast/eksistere.

Jesaja 43:19

«Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merker de det ikkje?»

Gud skaper heile tida. Nå og! Eit tre kan seie oss noko om livet. Eit tre kan ikkje sjå seg tilbake – og det treng ikkje me heller gjere. Sesongane skifter, og det kan til tider sjå nokså dødt ut. Men, så er det plutsleg «på 'an igjen» - nye skot, nye blomar og nye blåkker.

Livet går heile tida vidare. Ny tid kjem stadig mot oss. Noko nytt ligg alltid framføre – framføre deg, og framføre oss i fellesskapet. Der er god forventning i tru og tillit til Guds skaparkraft.

Og så er der ein fred i at hans tanker er større og høgare enn våre. Han kan bruke det vanskelege til gode og nye ting.

Akkurat nå har me i Undheimkyrkja god forventning til at Nadine Vaagen skal begynna som prest hos oss frå august av – i 50% stilling! Og – Håkon Rettedal Losvik er tilsett som ny dagleg leiar i 50% og 50% for ungdom og kyrkjelydsutvikling.

Begge desse to er mellom 40 og 50 år – og vil heilt sikkert tilføre arbeidet i kyrkja og bygda vår mykje godt, og kanskje noko nytt? Dette gler oss.

Gud skaper gode ting på Undheim kvar dag. I eit større perspektiv kan den tanken vere god å minna kvarandre på – midt i vanskelege situasjonar, vanskelege relasjonar og i ei særdeles uroleg og vanskeleg verd. Søk Han. Be til Han.

Jes. 55:8-9

«For mine tankar er ikkje dykkar tankar, og dykkar vegar er ikkje mine vegar, seier Herren. Som himmelen er høgt over jorda, slik er mine vegar høgt over dykkar vegar og mine tankar høgt over dykkar tankar.»

God sommar!

Hanne Brit Sandsmark

møte:plassen

2 - 2024

19. årgang

UTGJEVAR:

Undheim sokneråd

LAYOUT:

Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:

Steinar Sandvik

Laila Undheim

Hanne Nordbrønd

Siv H. Undheim

Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:

Møteplassen

Time kyrkjekontor

Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:

nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:

www.timekyrkja.no

www.undheimkyrkja.no

TRYKK:

Jærprint, Bryne

OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD

KONTONR. 3290.57.20723

GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidedfoto: Steinar Sandvik

Illustrasjonsfoto: Pixabay.com

Tankar i tida



Vi tror på en Gud; Den allmektige
Han er skaper av himmel og jord
Han pustet liv i alt det levende
Sol og måne ble til ved hans ord
Vi tror på Kristus den rettferdige
Som en tyv ble han hengt på et kors
Han ga sitt liv for de uverdige
Men han oppsto og lever i oss

Vi tror!

Skrevet av
Christian Hesselberg
David André Østby
Rudi Myntevik

Gud vi tror på deg, Fader, Sønn og Hellig Ånd
Du er virkelig, holder verden i din hånd
Å, vi vil rope ut, rope ut
Å, du er vår Gud

Vi tror på Ånden, den livgivende
Han som i våre hjerter vil bo
Vår Gud, i alle ting nærværende
Og i ham kan vi leve og tro

Gud vi tror på deg, Fader, Sønn og Hellig Ånd
Du er virkelig, holder verden i din hånd
Å, vi vil rope ut, rope ut
Å, du er vår Gud

Gud over alt som puster
Gud over alt som har et navn
Gud over alt, ære til ham

Gud vi tror på deg, Fader, Sønn og Hellig Ånd
Du er virkelig, holder verden i din hånd

Å, vi vil rope ut, rope ut
Å, du er vår Gud

Dette er en av mange fine sanger som David Andre Østby synger.

En nydelig sang som inneholder mye;
Om en tro på en allmektig Gud, om Jesus som frelser,
og om Ånden som gir liv.

Om «Han som i våre hjerter vil bo»,
«Og i ham kan vi leve og tro»
Det er godt å ha en Gud som bærer oss gjennom alle
dager. De lyse og lette, men også de dagene som er
tyngre. Gud vil bære oss. Alltid.

Søk gjerne artisten opp. Han har mange fine sanger
som er verdt å høre på.

Kari N. S. Sikveland

Roald Byberg

avtroppande sokneprestvikar

1. KOR LENGE HAR DU ARBEIDD FOR UNDHEIM, OG KVA HAR OPPGÅVENE DINE VORE?

Eg har vore vikar i 50 % i mest tre år. Oppgåvene har vore å feire gudsteneste, likeså tenesteveker med gravferd og vigsel. Eg har også vore innom Bryneheimen, Sivdammen og Kverneland sjukeheim. Eg har hatt stabsfellesskap med staben på kyrkjekontoret i Saronsbråtet. Ja litt kontakt med skulen med julegudsteneste.

2. KVA SIT DU ATT MED NÅR DU TENKJER PÅ ALT DU HAR VORE MED PÅ OG ALT DU HAR GJORT FOR OSS PÅ UNDHEIM? NOKO SPESIELT DU VIL TREKKJA FRAM?

Gudstenestefeiringa på Undheim der mange tek eit tak. Det er så moro med alle frivillige som er med og bruker sine gåver. Eg har vore med i Gudsteneste utvalet. Godt å ha nokon å planlegge gudstenesta med.

3. ER DER NOKO DU VIL SAKNA NÅR DU IKKJE SKAL VERE HER Lenger?

Det vert nok det eg nemnde sist. Alle som er med for å feire gudsteneste.

4. HAR DU EI LITA HELSING TIL UNDHEMKYRKJA OG UNDHEIMSBUEN DU HAR LYST Å GJE?

Det er eit vers frå Kol 3,12-14 som eg har sitert mange gonger i preikene mine. Paulus slår fast du er utvald, heilag og elska av Gud. Ja, så kled deg deretter. Då er me nær det som er meininga med livet: **Tru på Gud og tena nesten!**



De er Guds utvalde,
heilage og elska av han.
Kled dykk difor i inderleg medkjensle
og ver gode, milde, audmjuke og
tolmodige, så de ber over med
kvarandre og tilgjev kvarandre om den
eine har noko å klaga den andre for.
Som Herren har tilgjeve dykk,
skal de tilgje kvarandre.
Og over alt dette:
Kled dykk i kjærleik,
det bandet som bind saman
og gjer fullkomen.

Kol 3,12-14

Frode Skårland

Dagleg leiar inntil nyleg

1. KOR LENGE HAR DU ARBEIDD FOR UNDHEIM, OG KVA HAR OPPGÅVENE DINE VORE?

Eg har arbeidd som dagleg leiar for Undheim kyrkje frå 1. januar 2020 og fram til 1. april 2024. Det kom litt plutseleg på meg at det kom ein ende på dette. Anna Bergitte, som eg er gift med, var dagleg leiar i Time sokn. Ho sa opp fordi ho trong ei større stilling. For meg var det naturleg å overta den stillinga, sidan eg då fekk samla kreftene på ein stad, og det er lettare å vera ein god dagleg leiar der eg kan vera meir til stades.

Å vera dagleg leiar er ein variert jobb. Du kommuniserer med folk i kyrkjelyden om det arbeidet dei står i, og prøver å hjelpa til med at aktivitetane i kyrkja går rundt. Det er ein del oppgåver og tenester som treng folk, og dagleg leiar held i trådane og prøver å få folk til å vera med å hjelpa til. Det kan vera ein balansekunst, for me vil at det både skal gå godt med dei som tek på seg oppgåvene, og at oppgåvene skal bli løyste på ein god måte. Me vil ikkje at folk skal bli utbrende, men at dei skal oppleve at det er fint å delta i ein teneste. Dagleg leiar skal ha personalansvar og samarbeida med staben og dei andre på kyrkjekontoret. Soknerådet leier arbeidet i kyrkja, og dagleg leiar er møtesekretær og er med i planlegginga av soknerådsmøta. Det er òg ein god del økonomiarbeid. Nokre gonger har eg delteke i aktivitetane i kyrkja som andaktshaldar eller at eg har hatt ansvar eller medansvar for arrangement. Det går òg tid til førebuing av gudstenester og reklamering og annonsering.

2. KVA SIT DU ATT MED NÅR DU TENKJER PÅ ALT DU HAR VORE MED PÅ OG ALT DU HAR GJORT FOR OSS PÅ UNDHEIM? NOKO SPESIELT DU VIL TREKKJA FRAM?

Eg tenker med glede på Undheim! Undheim er ein god stad med mange fine folk! I kyrkja er det ein god gjeng som står på og har eit hjarte både for kyrkja og Undheim. Viss det er nokon på Undheim som ikkje kjenner dei, så vil eg anbefala dei å gjera noko med det!

I tida eg var dagleg leiar, var det mykje ustabilitet i stabsressursen i tillegg til korona. Det har vore ei spesiell tid. Det kan sjå ut til at kyrkja på Undheim kan få fleire gode løysingar for tida som kjem. Eg har forventningar til det.



3. ER DER NOKO DU VIL SAKNA NÅR DU IKKJE ER HER Lenger?

Eg har hatt aller mest å gjera med soknerådet på Undheim. Eg vil sakna tida saman med dei som sit i rådet og samarbeidet med dei.

4. HAR DU EI LITA HELSING TIL UNDHEIMKYRKJA OG UNDHEIMSBUEN DU HAR LYST Å GJE?

Eg ønsker alt godt for Undheim og Undheim kyrkje framover. Lykke til i ei spanande tid! Eg vil òg sei tusen takk for den tida eg har fått vera ein del av arbeidet.

Til deg som høyrer til på Undheim vil eg anbefala: Bruk kyrkja, støtt opp om arbeidet, skap gode møter mellom folk på Undheim, og

la Jesus si kjærleik
bu rikeleg blant dykk,
gled dykk saman over alt det
som Gud gir og at han er
med dykk alltid!



NADINE VAAGEN ER TILSETT SOM NY SOKNEPREST I UNDHEIM.

Ho byrjar i stillinga 1. august, og skal ha si første gudsteneste i Undheim 18. august.

Nadine er 48 år, fødd og oppvaksen i Tyskland, og flytta til Noreg for rundt 16 år sidan.

Ho tok presteutdanninga på Menighetsfakultetet i Oslo og vart ordinert i 2009. Ho har vore prest i Skien, Revetal i Vestfold, og er nå prostiprest i Sandnes, kor ho hadde Ganddal kyrkjelyd som tenestestad dei tre første åra.

Ho bur på Sandnes med mann og to barn på 6 og 9 år.

Me ønskjer Nadine Vaagen hjarteleg velkommen til Undheim og Guds signing over arbeidet!

Lars Sigurd Tjelle - Prosten i Jæren

Foto: privat

NY DAGLER LEIAR/ KYRKJELYDS- UTVIKLAR HÅKON RETTEDAL LOSVIK

Han byrjar i stillinga 1. august,

Er 45 år og kjem frå Lofoten.

Bur på Hognestad med kona Irene og dei 2 barna deira, Jakob (16) og Ruth Sofie (13)

Han har arbeidd som lærar på Klepp ungdomsskule sidan 2007.

Her takkar han ja til stilling som 50% dagleg leiar og 50% ungdom/kyrkjelydsutviklar

Kyrkjeverje Jostein Tollaksen og Undheim sokneråd er svært glade for at dette kjem på plass, og ser fram til august med god oppstart og godt samarbeid.

Tekst og foto: Hanne Brit Sandsmark



UNDHEIMSKONFIRMANTANE 2024

Frå venstre: Ingfrid Time Nærland, Pauline Tveiten, Lerke Tjåland, Jofrid Berge, Oda Sikveland, Mikal Marinius Aardal, Karl Jonas Kartevoll, Sebastian Sele Bore, Tobias Undheim Rosland og Roald Byberg. Foto: Hanna Tveiten



Vi har starta på vegen til Roma

I mai måned starta seks vandrarar frå Jæren på pilegrimsvegen frå Canterbury i England med Roma som mål.

Steinar Sandvik:Tekst
Foto: Privat

Denne pilgrimsruta vert kalla Via Francigena og går gjennom England, Frankrike, Sveits til Roma i Italia. Vi starta sjølve vandringa frå katedralen i Canterbury. Då kom ein prest frå katedralen. Han ville gjerne be for oss før vi starta på vandringa. Han bad om at vi måtte bli velsigna, og at vi var til velsigning for andre. Og han bad også for familiane heime i Norge.



Her er vi samla ved katedralen i Canterbury der pilegrimsvandringa starta.

Dei to første etappane førte oss gjennom engelsk landskap til Dover før vi steig ombord i ferja til Calais i Frankrike. Og etter 14 dagar var dei første etappane for oss seks til endes. Då bar det heim til Jæren for pilegrimane Reidun Gudmestad, Ola Undheim, Greta Bore Haarr, Andreas Haarr, Tordis Sandvik og underteikna. Men nye turar er alt på plankartet.

VARIERT VER

Dagsturane varierte. Nokre dagar vart vandringa litt under to mil, medan andre dagar var vandredagen rundt 30 kilometer. Alt var planlagt og godt førebudd. Men vêret var ikkje så lett å planlegge. Det var nok dagar vi måtte fram med regnkleda. Men dei fleste dagane var det godt vêr for oss pilegrimar, og ikkje for varmt heller. Nokre av pilegrimane, Reidun, Tordis, Greta og, Andreas måtte også ta ein dukkert i Den engelske kanalen, og dei påstod at sjøen var behageleg.

OPNE DØRER

Som pilegrimar hadde vi fleire stopp ved kyrkjer. Ved nokre kyrkjer var dørene opne, og vi kunne setje oss ned i kyrkjebenkane for ei stille stund og lystenning. I nokre av dei opne kyrkjene hadde vi også dagens bønnestund, eller i friluft dersom kyrkjene var



Her måtte regnkleda i bruk. Steinar sin regnponsjo verner både mann og ryggsekk.

stengde. Etter lystenning og bønn, gjekk vi ofte vidare i stille, gjerne ein halv time. Mange av kyrkjene i England var opne. Der kunne vi slappe litt av, men dei franske kyrkjene var ofte stengde.

LANDBRUK

Landskapet i både England og i Frankrike er frodig og kanskje litt meir kuppert i England, men ikkje dei store og bratte bakkane. Etter litt regn var det ofte glatte parti, og ikkje mist blaute dammar som måtte forserast. Det meste av landskapet i den franske delen var landbruk.

Det var åkrar så langt auget kunne sjå. Og her var det ulike vekstar, alt frå ulike kornåkrar og grønnsaker, til gras og store blomsterenger.

Ofte gjekk pilegrimsleia gjennom dyrka jord, ikkje dei breie stiane. Men det var lett å ta seg gjennom dei ulike åkrane. Det viser at pilegrimane er velkomne, og dei lokale legg til rette for pilegrimane. Møter vi bønder eller andre på vegen, får vi ofte eit vink eller ei anna helsing. Men det er lite snakk med dei lokale. I tettstadar var det mykje trafikk, og lange strekningar på asfalt og brostein.

HJELPANDE HENDER

Ein av dei siste dagane gjekk vi mykje på asfalt. I tillegg kom regnet. Heldigvis kunne vi skjule oss i eit buss-skur. Det var eit godt stykke til dagens mål. Og det var ikkje bussrute på dette tidspunktet. Eit ektepar, Beatrice og Jacques, kom imot oss, og vi spurde om dei kunne prøve å

ringe taxi. Diverre utan napp.

– Vi har bil ikkje så langt unna, vi kan skyssse dokke til plassen de skal bu, sa det franske ekteparet. – Men vi må køyre nokre kilometer. Og det vennlege paret køyrde oss i to vender. Vi ville betale, men det var ikkje tale om. Vi takka og fekk e-postadressen deira.

Vel heime i Norge, sende vi e-post og fortalte at vi var trygt heime og takka for all hjelp. Ekteparet sende e-post og spurde om dei kunne få gå ein dag saman med oss når vi skal gå neste vandring. Og det set vi stor pris på.

KVINNEKLOSTER

Nonne Louise tok imot oss i det store klosteret, og vi vart vist til gjestehuset der vi skulle bu. Etter middag fekk vi delta i kveldsbøn saman med ein ung belgisk mann som utdanna seg til prest. Det var berre kvinnene frå klosteret som deltok i kveldsbøna, og vi såg dei ikkje under sjølve bøna.



Her fekk vi husrom i eit kvinnekloster.



Steinar tenner lys i ei av kyrkjene vi besøkte.

NORSKE RØTER

Den siste dagen før vi sette kursen heimover, gjekk vi inn i ei stor kyrkje med mykje folk. Det viste seg at det var konfirmasjon. Men kyrkja var open, og vi fekk stempel. Då kvinna som møtte oss forstod at vi var frå Norge, ringde ho til mannen sin og sa at han måtte kome. Og han fortalde at han hadde røtene sine frå Molde og Fredrikstad. Han arbeidde ved eit universitet i Lille.

SVOLTNE OG SLITNE

Dagen var lang, og pilegrimane var sultne. Vi peika oss inn på eit bakeri der vi kunne kjøpe litt mat. Men bakeriet var stengt. Det var enno ein god time før opning. Heldigvis kom ei smilande kvinne, i god tid før opningstida. Og ho opna opp for oss. Det gjorde godt, og vi kunne vandre vidare mot neste overnattingsplass.



Her er flokken saman med ein som har norske røter og ektefellen. Frå venstre: Reidun, Ola, Vincent Gauther og ektefelle, Andreas, Greta, Steinar og Tordis.

Her var det mat å få, for svoltne pilegrimar.





STENGDE DØRER

I småbyen Tournehem var det meste stengt. Det var fridag i Frankrike. Ikkje ein kafe der vi kunne kjøpe middag var å oppdrive. Men det var heldigvis eit gatekjøkken. Middagen åt vi utanfor ein liten kafè utan servering. Og vi hadde heller ikkje planlagt frukost og nistepakke. Men det kunne vertinna i kaféen. Klokka åtte neste morgon hadde ho frukosten klar og niste-pakke til vidare vandring. Takk til Marie, og vi var ikkje åleine som fekk hjelp.

Eit stort smil frå Marie, og vi takka for frukosten ein tidleg morgon på Cafe de la Mairie.

EIT STERKT MØTE

60.000 soldatar frå Canada mista livet i dei harde kampene i Frankrike i 1917. Eit minnesmerke er reist der dei harde slaga stod.

Vi vandra over det området der slaget stod. Ved minnesmerket møtte vi to unge kvinner frå Canada. Dei fortalde at dei skulle vere frivillige guidar i tre månader.

Ei av guidane fortalte at oldefar var med i krigen. Han vart skada og vart sende heim til Canada.

I eit stort minnesmerke var namna på alle canadiarar som mista livet på dette slaget.



I samtale med ei av dei frivillige frå Canada



Minnesmerke frå krigen i 1918

Verdas beste vaflar

I mange år har Sjømannskyrkja sine stasjonar konkurrert om å bli beste vaflar. Stasjonen på Grand Canaria (Kanariøyane) har vunne kvart år. Men dette året gjekk Alanya i Tyrkia av med sigeren.

Og her er oppskrifta på årets beste vaffel

6 egg
300 gr. sukker
700 gram kveitemjøl
2 ts bakepulver
½ teskei vaniljesukker
1 liter kefir
200 gram smelta smør
Litt salt

Visp egg og sukker godt saman.
Bland bakepulver og vaniljesukker saman med kveitemjølet.
Bland så saman mjølblandinga med kefir og smelta smør og salt til slutt.
Rør godt saman.
Vent minst ein halv time før steiking.
Lukke til.



Teresa av Ávilas bønn

Herre Kristus,
du har ingen annen kropp på jorden
enn våre kropper,
ingen andre hender enn våre hender.
Ingen andre føtter enn våre føtter.
Det er gjennom våre øyne din
medfølelse skuer ut over verden.
Det er ved hjelp av våre føtter du fortsatt
kan vandre rundt å gjøre
det gode.



Teresa av Ávila - nonne og kirkelærer. 1515 - 1582

SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn frå 4 år og oppover. Ei samling inneheld korøving med andakt og hobbylagging i kjellaren til slutt. For tida manglar me dirigent. Så lenge det vedvarer, utgår kordelen.

Undheim kyrkje
kl. 17.00-18.00

10. september
24. september
22. oktober
5. november
19. november

OPEN KJELLAR

Klubb for gutar og jenter med aktivitetar, andakt, spel og kiosk.

kl. 19.00 – 21.00
Undheim kyrkje
5. – 7. klasse

16. august
6. september
27. september
18. oktober
8. november
6. desember

LAUST OG FAST

er eit ope arrangement for alle som har anledning til å koma. Innhaldet og arrangementet er retta mot dei som er 60+. Det kjem folk frå heile distriktet vårt.

Me syng i lag, har noko å bite i, høyrer på ein invitert foredrags-haldar og har eit ord for dagen.

Undheim kyrkje
kl. 14:00 - 16:00

11. september
16. oktober
20. november

UGLA

Frammøte på Undheim skule kl. 19.00.
Slutt ca kl. 20.15.
Guttar frå 5. klasse og oppover er velkomne
Datoane er fastsette, men det kan koma endringar i programmet.

3. september Uteaktivitetar bak skulen
17. september Tur til Mellemstrand
1. oktober Høbby tresløyd
15. oktober Kosekveld med pizza og konkurransar
29. oktober Tur til Sælandsskogen
12. november Høbby tresløyd
26. november Avslutning på Lende. Servering

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE KL. 10.30

I gudstenesta er me samla for å møta Gud og kvarandre.

23. juni
14. juli
18. august
01. september
15. september
29. september
13. oktober

Utleige til konfirmasjonsfest 2025

Det vert konfirmasjon i Undheim 11. mai i 2025. Foreldre med konfirmant frå Undheim kan søkje om å leige kyrkjekjellaren til konfirmasjonsfest.

Søknadsfrist: 1.juli 2024
til: einarmalenius@gmail.com

SØNDAGSSKULEN

Søndagsskulen begynner kl. 11.00, og held til i Undheim kyrkje. Me oppmodar om at heile familien blir med på gudstenesta som startar kl. 10.30.

18.08., 01.09., 15.09., 13.10., 10.11., 24.11.

KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandsmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar:	
Ungdomsarbeidar:	
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690



Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:
- Kvifor er det så mørkt her?
- Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?
Ho la berre kokte egg.

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no
		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntninger</i>	UNDHEIM HANDELSLAG   undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
 BondeKompaniet Bryne, tlf. 480 10 878, man-fre 08-18, lør 09-15 Klikk og hent bondekompaniet.no	 NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Talsdal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 45 13 • Fax: 51 48 40 64 • Mobil: 973 59 600	Sjekk Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 Byggmester Ståle N. Sikveland
	Høiland & Tveit BetongEntreprenør	SpareBank 1 SR-BANK
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllegegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	NOVA BEGRAVELSESBYRÅ
Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10 	Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS